



Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune

11 MAR 2016

Hordaland fylkeskommune –
Samferdsleavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

Behandlende enhet:
Region vest

Saksbehandler/telefon:
Sigmund Bødal / 55516146

Vår referanse:
15/207512-8

Deres referanse:

Vår dato:
08.03.2016

Klage på vedtak – Avkøyrsløse – Fv. 563 – gnr. 4 bnr. 951 – Askøy kommune

Statens vegvesen har mottok klage førehandstilsagnet vi har gjeve som svar på søknad om utvida bruk av avkøyrsløse på FV 563 frå gbnr 4/951 av 07.12.15.

Vedlagte dokument i saka er :

1. Søknad om utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse på Fv 563, 30.09.15
2. Svar frå Statens vegvesen på søknad, 20.10.15
3. Klage på tillatelse i sak 15/207512, 18.11.15
4. Svar på klage vedrørande løyve til utvida bruk av avkøyrsløse, 23.11.15
5. Askøy kommune Gbnr 4/951 – Rammetillatelse, 01.12.15
6. Anmodning om oversending av klage til klagenemnda, 07.12.15
7. Stadfesting av oppretthalding av klage. 04.02.16

Vi gjer merksam på at det i dokument 4 er brukt ordet løyve i overskrifta. Som det framgår av resten av dokumentet er dette eit førehandstilsagn, der dei tekniske krava til utbetring av avkøyrsløsa er spesifisert.

Kva saka gjeld

Statens vegvesen mottok søknad om utvida av eksisterande avkøyrsløse på Fv 563 for realisering av ein bustad med utleigeining på gbnr 4/951, den 30.09.15. Avkøyrsløsa er ein del av reguleringsplan 274 for Fv 563 Strømsnes – Hop som inngår som eit av prosjekta som skal realiserast gjennom Askøypakken. Avkøyrsløsa har i dag manglar i høve standard som Vegnormal N100 legg til grunn for slike påkoplingspunkt. Dette gjeld i høve helling, drenering og sikt. Fv 563 er svært smal på staden.

All den tid at det er ein vedteken reguleringsplan for denne vegen, så er det den som stadfestar korleis vegsystemet skal utformast for framtida. Statens vegvesen har ovanfor

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

søkjær gjort det klart at anten må han vente på at Askøypakken ferdigstiller vegstrekninga forbi eigedomen eller at han på eiga hand oppgraderar avkøyrsla etter dei krava som reguleringsplanen legg til grunn, jfr brev av 20.10.15. I kontakt med Askøypakken har ein fått opplyst at arbeidet med Fv 563 etter planen kan starte opp i løpet av 2017. Søkjær klagar på at han må opparbeide avkøyrsla, då han meiner at Askøypakken vil få ferdigstilt fylkesvegen forbi området i god tid før bustaden står ferdig.

Vurdering

Statens vegvesen vurderer det som fornuftig å plassere ein einebustad på gbnr 4/951. Dette vil på ein naturleg måte utfylle eit område som frå før er prega av einebustadar. Statens vegvesen har soleis ikkje vore negativ til etablering av bustad her. Dette er i utgangspunktet ei helt standard sak som gjeld avkøyrsla med trafikale manglar som må utbetrast. Slik saker handsamar Statens vegvesen fleire hundre av i løpet av eit år.

Til grunn for alt vårt arbeid med trafikk ligg 0-visjonen som skal hindre at ein får hardt skadde og drepne i trafikken. I gjeldane reguleringsplan er det sjølv sagt teke omsyn til desse trafikale momenta, også når det gjeld utforming av framtidige løysingar for avkøyrslar. All den tid eksiterande avkøyrsla ikkje tilfredstiller krav til trafikktryggleik må ho oppjusterast før Statens vegvesen kan gje løyve til auka bruk av ho. Fv 563 har i dag ein døgntrafikk (Ådt) på bortimot 5000 biler på staden. Med dagens utforming av avkøyrsla vil ho vere ein kime til trafikkulukker på staden, med bakgrunn i for kort siktlinje og tilsig av vatn. Særleg i vinterhalvåret vil dette vere utfordrande då ikkje berre avkøyrselepunktet med også Fv 563 kan bli islagd av vatn som renner ut i fylkesvegen.

Søkjær argumenterer med at Askøypakken skal byggje vegstrekninga og ferdigstille denne før bustaden står ferdig. I kontakt med Askøypakken på slutten av 2015 fekk vi informasjon om at ein vil kunne starte opp med byggjearbeidet på Fv 563 på strekninga Strømsnes – Hop i løpet av 2017. Dette er ei vegstrekning med smal og kronglete veg på i alt drøye 3 km. Det er ikkje gitt at ein starter byggjearbeidet i den sørlege delen der søkjær har sin eigedom. Vidare ser vi at pr. mars 2016 er Askøypakken enno ikkje ferdig med endringar av reguleringsplanen som er naudsynt å få til før arbeidet startar opp. Det vil då truleg gå lengre tid enn det ein har trudd tidlegare før bygginga kan ta til. Slik vi har forstått på Askøypakken vil ein realistisk byggjeperiode på dette prosjektet ta om lag 2–3 år.

Med ovannemnde som bakteppe vil det kunne gå fram til 2020 før omsøkte avkøyrsla står klar og er utforma som ei trafikksikker avkøyrsla. Statens vegvesen vurderer at omsøkte bustad vil stå ferdig lenge før utbetringa av Fv 563 er ferdigstilt. Vidare er vi klar på at vi ikkje kan ha ei avkøyrsla som ikkje er trafikksikker, med auka trafikk i dei neste 3 – 4 åra. Vi ser det også som svært uheldig dersom denne praksisen skulle bli gjennomført, då det er mange prosjekter i Askøypakken som skal byggast innanfor ein 8 –10 års periode. Statens vegvesen opplever stadig slik argumentasjon, der ein ønskjer å sette meir trafikk på avkøyrslar som ikkje er trafikksikre i påvente av utbygging av fylkesvegnettet. Slike avkøyrslar vil då utgjere ein trafikkrisiko. Vi kan ikkje tillate utvida bruk av eit utal trafikalt farlege avkøyrslar i påvente av Askøypakken sine byggjeprojekt.

Det er med bakgrunn i omsynet til trafikktryggleiken at vi har bede utbyggjar om å avvente utbygginga, eventuelt å utbetre avkøyrsla slik reguleringsplanen viser. Utbyggjar har fått rammeløyve hos kommunen der det er høve til å utføre grunn og betongarbeid før avkøyrsla skal vere godkjent av Statens vegvesen. Soleis er det høve til å starte opp arbeidet.

Vidare har Statens vegvesen blitt kontakta av Soltvedt Maskin vedrørande tiltak for utbetring av omsøkte avkøyrslar på vegne av utbyggjar. Det er semje med Statens vegvesen om kva som må utførast for å få godkjenning. I følgje klagar låg tilbodet entrepenøren gav for utføring av utbetringane for høgt i pris og vedkommande vil difor oppretthalde klagen.

Samandrag

Statens vegvesen stiller seg positiv til etablering av bustad med utleigeeining på gbnr 4/951 på Nordre Erdal. For at dei som skal bu her skal kunne ferdast trygt ut og inn på Fv 563, må avkøyrsla utbetrast. Dette er ei standard prosedyre for avkøysler med tekniske manglar. Noko anna strir imot vårt arbeid med trafikktryggleik, 0 - visjonen og Rammeplan for avkøysler og byggjegransar. Avkøyrsla er eit punkt på ein krunglete fylkesveg med høgt trafikkvolum, der trafikkulukker vil kunne inntreffe med bakgrunn i avkøyrsla si manglande siktline og glatte parti særleg i vinterhalvåret. Vi har difor gitt utbyggjar eit førehandstilsagn med tekniske krav til utbetring av avkøyrslar.

I motsatt fall kan utbyggjar avvente byggjeprojektet sitt, til Askøypakken er ferdig med utbetringa av Fv 563 Strømsnes - Hop. Slik planane for utbygging av Fv 563 ligg no, kan dette gå fram mot 2020 før avkøyrsla er ferdig. Slik vi forstår søkjar er planen å få realisert bustaden før den tid. Statens vegvesen kan ikkje rå til auka bruk av trafikkfarleg avkøyrslar i over 4 år.

Statens vegvesen rår Hordaland fylkeskommune til å sikre trafikktryggleiken på Fv 563 og ikkje å ta klage frå utbyggjar til følgje i si handsaming av klagesaka

Vegavdeling, Hordaland

Med hilsen

Olav Finne
Avdelingsdirektør

Sindre Lillebø

Kopi

Askøy kommune, Postboks 323, 5323 KLEPPESTØ

Ravnanger Hus AS, Postboks 147, 5327 HAUGLANDSHELLA

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.